

I det eg viser til tidlegare framlegg, ref Helsegruppa sitt møte 17.11 2009, tek eg på nytt opp framlegg om å etablere eit prosjekt i regi av Sogn Regionråd som skal utgreie eit eventuelt samarbeid kring samhandlingsreforma mellom kommunane i Sogn. Eg ber om at framlegget vert behandla i komande møte i Regionrådet. (desembermøtet 2010)

PROSJEKT SAMHANDLING; HELSE i SOGN

Formål:

Etablere eit prosjekt som skal avdekke behov og løysingar for eit interkommunalt samarbeid for å møte forventningane og utfordringane som ligg i samhandlingsreforma.

HOVUDMÅL:

Avdekke behov og mogelege løysingar for eit interkommunalt samarbeid i Sogn kring forventningane som ligg i samhandlingsreforma.

Delmål:

1. *Avklare kva tenester kommunane bør samarbeide om*
2. *Korleis tenestene skal organiserast*
3. *Avklare lokalisering av tenestene.*
4. *Utgrei økonomi, herunder ulike modellar for drift og investeringar*
5. *Utgrei funksjons og romprogram for eit helsehus i Sogn.*

Organisering av prosjektet:

Prosjekteigar : Sogn Regionråd

Styringsgruppe : Regionrådet (ordførarar)

Prosjektgruppe : Utval av helsearbeidarar i ulike funksjonar og posisjonar frå deltagande kommunar og 2 av rådmennene.

Prosjektleiar: Innleigd ressurs i 100 % i 5 mnd. Arbeide evnt. saman med sekretær i rådet.

Sekretær utarbeider eit grunnlag for prosjektet, som vert lagt fram og drøfta i rådmannsutvalet .

Her tek ein utgangspunkt i prosjektet til Valdres regionen.

Formannskapa og kommunestyra handsamar prosjektet i desembermøte, der kvart kommunestyre får høve til å gje si tilslutning til prosjektet.

Prosjektet vert starta opp i januar og må vere avslutta til 15. mai 2011, slik at det kan handsamast i regionrådet i junimøtet. Vidare vert regionrådet sine tilrådingar lagt fram for politisk handsaming i dei ulike kommunane i siste kommunestyremøte før sommaren (juni møtet).

Finansiering av prosjektet:

Søkje ekstern finansiering gjennom Fylkesmann – KRD. Fordeler andre kostnader mellom kommunane i tråd med tidlegare praksis.

Lærdal 21. 10. 2010

Arne Sanden